



## MØTEPROTOKOLL

(styremøte 23, styremøte nr 3 2016)

**For styremøte nr 3 2016 i Jondalstunnelen AS onsdag 24. august 2016 kl 1300 på  
Kommunestyresalen i Jondal.**

**Desse møtte:** Toralv Mikkelsen, Svein Halleraker, Benthe Enes Bondhus, Jon Larsgard  
og Heidi Sandven Botnen.

**Forfall frå:** Ingen forfall.

**Saker til handsaming:**

**Sak 16.03.18 Godkjenning av innkalling.**

Framlegg til vedtak:

Innkallinga vert godkjend.

**Vedtak:** Innkallinga vert godkjend.

**Sak 16.03.19. Godkjenning av møtebok for styremøte nr 22, 10.06.16.**

Møteboka har vore utsendt til styret. Det er ikkje komme inn merknader.

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent.

**Vedtak:** Møteboka vert godkjent samrøystes.

## Sak 16.03.20 Økonomirapport 2. kvartal 2016.

### **Økonomisk rapport pr. 30.06. 2016**

Jondalstunnelen AS

Utarbeidet 19.08.2016

av Dagfinn Søvik, Økonomihuset Bergen AS

Alle beløp i NOK

#### **Resultat**

Tekst	Hittil i år		Budsjett	
	Regnskap	Budsjett	Resterende	Totalt
Driftsinntekter	7 463 404	7 212 300	8 212 700	15 425 000
Lønnskostnader	0	-76 534	-120 466	-197 000
Driftskostnader v/innkrevingssordning	-458 297	-490 000	-1 160 000	-1 650 000
Andre driftskostnader	-166 189	-163 221	-132 779	-296 000
Netto finansposter	-797 959	-840 000	-740 000	-1 580 000
<b>Resultat</b>	<b>6 040 960</b>	<b>5 642 545</b>	<b>6 059 455</b>	<b>11 702 000</b>
Avskrivning innkrevingssrett	0	0	-11 702 000	-11 702 000

#### **Balanse**

Tekst	Virkelig	Budsjett	Tekst	Virkelig	Budsjett
Fordring eierkommuner	36 765 000	0	Egenkapital	2 009 185	0
Aktivert innkrevingssrett	63 461 093	0	Årets resultat hittil	6 040 656	0
Andre fordringer	3 849 545	0	Bompengelån	54 799 990	0
Bank	21 375 079	0	Kommunelån	38 700 000	0
<b>Sum eiendeler</b>	<b>125 450 717</b>	<b>0</b>	Gjeld til eiere	21 000 000	0
			Annен kortsiktig gjeld	2 900 887	0
			<b>Sum egenkap. og gjeld</b>	<b>125 450 717</b>	<b>0</b>

#### **Likviditet**

<b>2016</b>	
Likviditetsendringer hittil i år	-1 599 500
Likvider 01.01	22 974 579
Likvider 30.06.	21 375 079
Disponibel kassekreditt	0
Likviditetsreserve 30.06.	21 375 079

#### **Kommentarer**

Inntektene i regnskapet (7,5 mill) består av trafikkinntekter pr 30.06.16 med kr 7,1 mill og en korrekjon av inntektene for 2015 med kr 0,4 mill. på grunnlag av endelig regnskap fra Folgefonna tunnelen.

Inntektene for 2016 er reelle tall mottatt fra BT Signal som administrerer innkrevingen.

Ved fordeling av inntektene pr 30.06 mellom Folgefonna tunnelen og Jondalstunnelen har BT Signal tatt utgangspunkt i inntektene for Folgefonna tunnelen for 2015, lagt til 1,8% og beregnet 5,5/12-deler av budsjettet beløp som Folgefonna tunnelen sine inntekter pr 15.06.

En fordeling av inntektene basert på trafikkstatistikk for 2015 ville gitt et annet resultat, da antall passeringer i 1. halvår er lavere enn i 2. halvår.

Budsjetterte inntekter er periodisert i 12-deler, med kr 1,2 mill pr mnd, lik månedlige innbetaling fra Folgefonna tunnelen i 2015. Det er ikke budsjettert med trafikkvekst i 2016.

Avviket i ht budsjett er i tilnærmet lik korreksjon av inntekter vedr 2015.

Trafikkattall pr juni viser en akkumuleret vekst på ca 12% for Jondalstunnelen.

Honorar til styremøllemmer og godtjørelse til daglig leder er utbetal i juli måned.

Finansposter hensyntar periodisert andel av rentekostnader inkl. nettoeffekt av renteswap for perioden.

Andre fordringer består av faktuerte renter og avdrag til kommunene med kr 2,7 mill og fordring på Folgefonna tunnelen med kr 1,1 mill.

**Økonomisk rapport for Jondalstunnelen AS**

I budsjettet for 2016 la me ikkje inn auke i inntekt samanlikna med 2015 grunna uvisse knytt til trafikk i Jondalstunnelen etter Folgefonna tunnelen vart bompengefri 15..06.16.

Økonomirapporten pr 30.06.16 viser at me er nokså nær budsjett. Neste kvartalsrapport vil i større grad visa ein eventuell konsekvens av at Folgefondtunnelen er blitt gratis.

Framlegg til vedtak: Økonomirapport pr. 30.06.16 for Jondalstunnelen AS vert teken til vitande.

**Vedtak: Økonomirapport pr. 30.06.16 for Jondalstunnelen AS vert teken til vitande.**

**Sak 16.03.21 Medlemskap i Norvegfinans. (Utsett sak)**

Jondalstunnelen AS har vore medlem i Norvegfinans frå 2013, jfr styresak 13.01.14. Som medlem i Norvegfinans har me fylgjande medlemsfordeler:

- *kan være aktive i alle saker knyttet til bompengeinnkreving, og bidra med synspunkter og innspill som får styrke gjennom Norvegfinans*
- *får tilgang til øvrige medlemmers kontaktnett, erfaring og kompetanse i aktuelle saker*
- *har anledning til å benytte Norvegfinans mal for konkurransegrunnlag for valg av driftsoperatør, og benytte seg av Norvegfinans kompetanse i gjennomføringen av konkurransen og evaluering av tilbudene, til gunstig medlemspris.*
- *kan delta på årsmøtene og få interessant informasjon, presentere egne utfordringer og delta i aktuelle diskusjoner.*
- *kan etablere nettverk og kunnskap knyttet til sine aktuelle prosjekter.*
- *har tilgang til Norvegfinans database om norske bompengeanlegg.*
- *har tilgang til eget medlemsforum, hvor aktuell informasjon formidles.*

Jondalstunnelen har i hovudsak fungert som støttemedlem til organisasjonen, sidan me ikkje har nytta oss av dei tenestene som er tilgjengelege for medlemene. Årskontingenget er no kommen opp i kr 36 000. Dette er ei høg pris, og det bør vurderast om det er rett å vera medlem vidare.

Når det gjeld utmelding, er det §5 i vedtekten som gjeld:

**§ 5 UTMELDING**

*Utmelding fra foreningen skal gjelde fra nytt kalenderår. Skriftlig melding om dette skal være styret i hende innen 1. oktober.*

Dvs. at me må betala medlemskapet for 2016 og mælda oss ut før 1. oktober.

Framlegg til vedtak: Styret vedtek å seia opp medlemskapet i Norvegfinans, skriftleg innan 1. oktober 2016.

**Vedtak: Styret vedtek at medlemskapen i Norvegfinans skal halda fram til spørsmålet vert vurdet på nytt før 1. oktober 2017.**

**Sak 16.03.22 Oppgradering av vegstandard Austrepollen – Nordrepollen.**

Drøftingssak.

Viser til styresak 16.02.14 om drøfting av spørsmål om oppgradering av vegstandard på strekninga Austrepollen – Nordrepollen.

Per Steffen Myhren, tidlegare SSV, vert med på møtet.

I drøftingane kom fylgjande fram:

Eit eventuelt tunnelprosjekt mellom Nordrepollen og Austrepollen vert å sjå på som eit nytt prosjekt og må ha eit nytt bompengevedtak i Stortinget.

Med grunnlag i KU-utgreiingar i samband med Jondalstunnelen bør ein kunna gå rett på utarbeidning av reguleringsplan for ein tunnel mellom Nordrepollen og Austrepollen, særleg

sidan ei slik tunnelløysing var eit av fleire alternativ til den løysinga som ut frå ei økonomisk heilskapsvurdering vart vald i 2009.

Initiativet frå styret si side kjem på bakgrunn av at armen Odda – Bergen via Jondalstunnelen har fått ein langt høgare trafikk enn føresett, og strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen har difor fått større ulukkesrisiko. Styret ynskjer utnytta eit større inntektpotensiale til å fremja eit «seinfaseprosjekt» som omfattar ei tunnelløysing mellom Nordrepollen og Austrepollen (jfr. alt. S5 i KU for Jondalstunnelen) og ei utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal sentrum som gjev ein trafikksikker veg både for biltrafikken og syklande/gåande.

Før ein set i gang omfattande arbeid med saka må styrerrepresentantane som representerer fylkeskommunen, få avklart om eigaren med 52% av aksjane tillet at eit slikt arbeid vert sett i gang. Deretter er det naturleg at det vert halde eit felles møte med alle eigarane.

Det må sjekkast ut om ein kan bruka bompengeinntekter til å finansiera ev. forprosjekt/reguleringsplan, og/eller om det finst alternative måtar dette kan finansierast på.

**Vedtak: Styret vedtok følgjande oppsummering:**

- styreleiar kontaktar fylkeskommunen om saka og ber om eit møte med politisk og administrativt nivå.
- dersom fylkeskommunen stiller seg positiv, vert det lagt opp til felles eigarmøte (fylket og kommunane).
- styreleiar får fullmakt frå styret til å inngå avtale med Per Steffen Myhren om eit i første omgang avgrensa engasjement.

**Sak 16.03.23 Omlegging av takststrukturen for bompengar i Noreg.**

Drøftingssak/informasjonssak.

Det vert arbeidd med innføring av ny takststruktur for bompengeinnkrevjing i Noreg.

Dette vil kunna få økonomiske verknader for Jondalstunnelen AS.

Spørsmålet vart drøfta ut frå den informasjonen selskapet har fått.

Slik opplegget er presentert har bomselskapa ingen rolle i prosessen.

Eventuell påverknad har berre eigarane. I vårt tilfelle fylket og kommunane.

**Vedtak: Informasjonen vart teken til vitande.**

**Sak 16.03.24 Eventuelt.**

Ingen saker under eventuelt.

Toralv Mikkelsen  
-styreleiar-

Svein K. Halleraker

Heidi Sandven Botnen

Benthe Enes Bondhus

Jon Larsgard